

Kioskinstruks – Dyrskun – Seljord IL

kl.06 Vannbad og pølsekokkarar blir sett på av andre – sjekk at dei er varme når du kjem.

kl.07 Registrere deg ved personalmottaket og ta med følgjande til Matutsalet:

- Nyvaska frakk og caps
- Veksel frå økonomikontoret

I utsalet set du fram følgjande:

- Nykoka kaffe, Baguettar, Kylling Wraps, Vegan Burrito, wienerbrød, wienerpølser og pølsebrød

Når ein er klar set ein fram skiltet med frokostmeny på disken

- Kiosken opnar ca. kl.08:00 ☺

Etter kvart vert kjøkkenet klar med produksjon av mat.

- Heile menyen er klar for sal etter kl.9:00 ☺

kl.10-19 Alle Kioskansvarlege, som har skilt på seg, organiserer arbeidet i kiosken gjennom dagen:

Vi er alle ein del av vertsskapet til Dyrskun og det er viktig at alle gjester blir møtt av eit hjelpande og hyggeleg vertskap.

- Som kioskansvarleg tek du i mot dei som skal jobbe i utsalet og gjev dei opplæring i oppgåvene dei skal utføre. Viktig at det heile tida er ein kioskansvarleg på plass. Ikkje bli for opphengt i å hente mat eller å stå i kassa, men prioriter heile tida å ha kontroll over utsalet.
- Det er skilje mellom dei som står i luka og ekspederer og dei som står bak og posjonerar mat.
 - Dei som ekspederar og tek i mot pengar, skal ikkje vere i kontakt med mat.
 - Alle som er i kontakt med mat vaskar hendene og brukar eingongshanskar – hugs å byte ofte.

- Ansvarlege ser til at benkar og diskar er reine, at det er ryddig i utsalet, at all varmmat har over 60 grader, at alle brukar caps og frakk, organiserer henting av mat, putte setlar ned i låsbare kasser, at mobiltelefonbruk ikkje blir skjenerande for gjestene.

kl.19 Førebur avslutning av dagen: (kl.1700 på søndag)

kl.20 Kiosken stenger (kl.1800 på søndag)

- Slå av straumen til pølsekokarane
- Vaske bord, benkar, utstyr og golv i utsalet
- Pass på å levere alle klutar, frakker og capser ved hovudmatutsalet for vask (sorter).
- Ikkje forlat utsalet før pengekassene vert tømt av eigne folk.

Søndag

kl.18 Tømme utsalet for alt av varer og løst utstyr som pølsekokarar, kjøkkenutstyr, reinhaldsutstyr m.m. og ta dette med bak hovudmatutsalet der ein ansvarleg viser deg kor du skal plassere varer og utstyr.

Kasseapparat og bankterminalar blir henta av andre.